



Villanger & Sønner AS  
Kvassnesvegen 45  
5914 ISDALSTØ

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 14/7775 - 16/27800

Saksbehandlar:  
Linda Folkestad  
Linda.Folkestad@lindas.kommune.no

Dato:  
06.10.2016

## Svar på søknad om dispensasjon frå avstandskrav til kommunalt leidningsnett - gbnr 134/449 Hilland

Teknisk drift syner til tidlegare korrepondanse vedkomande søknad om dispensasjon frå avstandskrav til kommunalt leidningsnett – gbnr 134/449 Hilland.

### **Vedtak:**

Teknisk drift har vurdert søknaden og vil gje dispensasjon frå avstandskrav til kommunalt leidningsnett på følgjande vilkår:

1. Minste avstand mellom ytterkant mur og innerkant fortau skal være minimum 2,7m.
2. Tiltak skal være forsvarleg fundamentert på fast fjell.  
Det skal under arbeid med etablering av mur dokumenterast at mur vert forankra på fast fjell.
3. Lindås kommune fråseier seg alt ansvar for skade som oppstår på mur under drift og vedlikehald av kommunalteknisk anlegg (veg, vatn og avlaup). Dersom det oppstår skade på mur under drift og vedlikehald av kommunalteknisk anlegg, er dette kommunen uvedkomande. Eigar av mur må sjølv sørge for og påkoste utbetring av disse.

Ved etablering av mur bør ein òg ta omsyn til privat felles leidningsnett slik at dette kan driftast og vedlikehaldast på ei forsvarleg måte.

Det er med heimel i «Standard abonnementsvilkår – Tekniske og Administrative bestemmelser» at Teknisk drift ved avdeling for vatn og avlaup skal setje krav til tiltak langs kommunalt leidningsnett. Vi gjer merksam på at løvye berre gjeld i høve Veglova med tilhøyrande regelverk og ikkje dei rettar/ privatsrettslege avtaler De har ovanfor eventuelle grunneigarar.

### **Klage:**



Vedtaket kan påklagast til kommunen, jf. lov om offentlig forvaltning. Klagefrist er 3 veker frå den dag De mottok vedtaket. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast til den etat som har gjort vedtaket. I klagen skal det komme fram kva som vert påklaga (vedtaket) og kva endringar De som part ynskjer. Klagen skal grunngjevast.

**Vilkår for å reise sak for domstolane om vedtaket:**

Partane vert med dette gjort merksam på at søksmål om gildskapen av vedtaket eller krav om erstatning som fylgje av vedtaket, ikkje kan reisast utan at vedkomande part har nytta høve til å klage på vedtaket og at klagen er avgjort av høgaste klageinstans som står open. Søksmål skal likevel i alle tilhøva kunne reisast når det er gått 6 månader frå klagen fyrste gong blei levert, og det ikkje er grunna forsømming frå klagar sin side at klageinstansens avgjerde ikkje ligg føre, jf. forvaltningsloven § 27 b.

Med helsing

Arne Helgesen  
Avdelingsleiar vatn og avlaup

Linda Folkestad  
saksbehandlar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Kopi til:**

Anne Lise Molvik

**Mottakarar:**  
Villanger & Sønner AS

Kvassnesvegen 45 5914

ISDALSTØ